

**Statsbudsjettet 2015 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram for  
utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)**

Rapportering 2015

Hordaland fylkeskommune

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Vegetasjonsarbeid (Munketreppene 1)	80.000,-	40.000,-	21.700,-	18.300,-
2015	Steinarbeid (Munketreppene 2)	1.985.000,-	300.000,-	0,-	300.000,-

Tilskotet vert søkt vidareført til 2016.

Arbeidet med skjøtsel av Munketreppene i Ullensvang herad tok til i 2014 med vegetasjonsrydding av stien. Området er populært for turgåing, og det er tydeleg at det er stor trafikk og dermed stor slitasje på stien. Den lokale arbeidsgruppa melder om stor auke i bruken av stien dei siste åra.

I 2015 er det ferdigstilt skjøtelsplan og skjøtelsavtale for arbeidet med Munketreppene. Som planlagt er det gjennomført ein del steinarbeid i 2015. Dette arbeidet er følgt tett av Hordaland fylkeskommune. Vinteren 2015/16 vil det verte gjennomført ei evaluering av det utførte arbeidet før ein tar til med nytt arbeid i sesongen 2016. Ei slik stegvis arbeidsfordeling vil sikra at ein ikkje påfører kulturminnet unødig stor belastning.

Etter vegetasjonsryddinga har stien fleire stader blitt flytta lenger opp i terrenget, ettersom folk trekkjer seg vekk frå kanten av skråninga no som det er plass til dette. Dette viser òg kor raskt stien kan flytta seg .



Over: To parallele stiløp. Stien til høgre er laga i løpet av dei siste to åra.

Til høgre: Ei stor steinblokk i stien skapar utfordringar. På utsida er det trakka hol tvers gjennom stien. Sherpaane drøftar moglege løysingar. Foto: HFK.

## **Steinarbeid i 2015:**

**30.9.2015:** Før arbeidet tok til vart det gjennomført ei synfaring med representantar frå HFK, Munketreppenes Vener og Sherpaane som skulle utføra arbeidet. Ein gjekk då stien til endes og drøfta dei ulike problemstillingane og korleis desse skulle handterast med referanse til skjøtselsplanen. I tillegg vart det drøfta nokre punkt som trong særskilt handsaming. I samråd med steinleggjarane vart det avgjort å starta arbeidet med å grøfta for å fjerna vatn frå stien. Rennande vatn i stien er ei av dei største slitasjemomenta, og ved å fjerna dette bremsar ein den negative utviklinga og gjer det lettare å gjennomføra restaureringa. Dette ville gje lettare arbeidsforhold og synleggjera kvar problema var størst. Deretter var trygging av utsette punkt fyrste punkt på programmet. Vidare var reparasjon av heilt øydelagte trapper prioritert i 2015.

**31.9.2015:** Oppstart av arbeid. Det var tre sherpaar i felt. Munketreppenes Vener hadde dagleg oppfølging av arbeidet.

**11.10.2015:** Synfaring med HFK og Munketreppenes Vener. Det gjennomførte arbeidet vart sett over, og ein drøfta vidare prioritering og framdrift. Særleg vart framgangsmåten for reparasjon av eit skadd og farleg murparti drøfta. Arbeidet med restaurering av gamle trapper som trengte lite arbeid var primært planlagt gjennomført i 2016, men det vart satt ein testtrase på eit mindre trappestrekke for å kunne vurdera kor raskt dette arbeidet gjekk og kor vidt planen gav gode nok føringar for dette arbeidet.

**22.10.2015:** Sluttdato for arbeid 2015

**23.10.2015:** Synfaring med HFK og Munketreppenes Vener etter at arbeidet var avslutta for sesongen. På denne synfaringa fekk ein observert at det går svært mykje vatn i dei nye grøftene og som dermed er fjerna frå stien. Berre dette arbeidet vil ha stor verknad på kulturminnet. Den skadde og dels utrasa muren der stien gjekk over toppen var det usikkert om let seg restaurere utan å røra ved det som var att av det gamle steinarbeidet. Ved synfaringa fekk ein imidlertid sett at dette var løyst på ein svært god måte som ikkje rørte ved det gamle steinarbeidet i det heile, og det ferdige resultatet er svært godt. Også restaureringa av trappepartiet som berre hadde trong til mindre arbeid var gjennomført på ein svært god og skånsam måte.


Me kan elles visa til nyhendesaker om prosjektet:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Nytt-fra-kulturminnevern-og-museum/Oppstart-av-steinarbeid-pa-Munketreppene/>

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Nytt-fra-kulturminnevern-og-museum/Arbeidet-i-Munketreppene-er-avslutta/>

## Arbeidet vidare

Vinteren 2015/16 vil Hordaland fylkeskommune og Munketreppenes Vener gå gjennom det utførte arbeidet og dokumentasjonen av dette. Ein vil evaluera framdrift og arbeidsprosess, og leggje planar og prioriteringar for det vidare arbeidet. Ei erfaring frå arbeidet i 2016 er at vegetasjonsarbeidet no vert gjort som naturleg del av arbeidet med stein. Det er difor vanskeleg å skilja desse i rekneskapet.



Oppmura parti av stien før og etter restaurering. Fundamentet til muren var rasa ut, og steinhellene hadde ikkje lenger noko støtte. Ei bjørk hadde pressa steinar ut av muren. Det er no mura nytt fundament og muren er no stabil og trygg å ferdast på. Foto: HFK



Trapp med mindre behov for restaurering før og etter gjennomført arbeid. Oppbygt organisk masse er fjerna frå trinna, og utglidd trinn er skånsamt reparert. Trappa er påverka så lite som mogleg, men er no i funksjonell stand. Foto: HFK

## Rekneskap og budsjett

Arbeidet på Munketreppene sesongen 2015 vart avslutta 22. oktober. Denne delen av arbeidet er ikkje fakturert på rapporteringstidspunktet, og Munketreppenes Vener har ikkje gjort opp rekneskap for utført arbeid i 2015. Denne dokumentasjonen vert ettersendt når den ligg føre, truleg på nyåret 2016. Ettersom årets arbeid framleis ikkje er gjennomgått er det heller ikkje gjort justeringar i budsjettet. Dette vil verte gjort vinteren 2016 i samband med evaluering av framdrift. Ein ser til dømes at det i store delar av traseen er lett å finna stein i passende storleik i terrenget. Dette kan få utslag på dei budsjettpostane som går mot helikoptertransport og liknande. Dersom det vert gjort endringar i budsjettet vil også dette verte rapportert inn til Riksantikvaren saman med rekneskap for 2015. Eventuelle endringar i finansieringsplanen eller ny informasjon om denne vil verte rapportert inn saman med dette. Mellom anna har Munketreppenes Vener fått tilskot til tiltaket på 500.000,- frå Hardangerstiftinga og 100.000,- frå lokale reiselivsverksemder.

## Konklusjon

Vegetasjonsrydding er no naturleg del av arbeidet med stein, og vanskeleg å skilja ut rekneskapsmessig. Me ber difor om at dei resterande tilskotsmidla til vegetasjonsskjøtsel frå 2014 vert slått saman med tilskotsmidla for steinarbeid frå 2015. Det vil vera mest teneleg i høve til gjennomføring av arbeidet og rapporteringa at prosjektet vert samla.

Steinarbeidet er starta opp, men er ikkje fakturert på rapporteringstidspunktet. Rekneskap vert ettersendt når det ligg føre. Me ber om at midla vert utbetalt til Hordaland fylkeskommune som vil utbetala for utført arbeid når det ligg føre rekneskap for arbeidet. Arbeidet vil halda fram neste sesong. Me ber om å få vidareføra tilskotsmidla til 2016.



Grøfting av vått parti i stien. Foto: HFK

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt, plan	220.000,-	110.000,-	0,-	110.000,-
Tilskotet vert søkt vidareført til 2016					

I 2015 er det gjennomført møter med alle grunneigarane, og det er gjennomført synfaringar av heile området og kontroll av skilt og sti. Det er utarbeidd eit utkast til ein skjøtelsplan.

I samband med utarbeiding av skjøtelsplanen viste det seg å vera trong til eit meir omfattande arbeid i høve til å ha oversikt over rett lokalisering av kulturminna i området. Dei registrerte lokalitetane i området er mest utan unntak funne på slutten av 1980-talet. Dei er difor ikkje elektronisk innmålt, og er lagt inn i Askeladden frå kart. I fleire tilfelle stemmer dette bra, men nokre av lokalitetane er tydeleg feil kartfesta. Nokre av desse lokalitetane har fått ny geometri, medan andre har vist seg vanskeleg å kartfesta i terrenget. Det er trong til ytterlegare undersøkingar for kartfesting og avgrensing av lokalitetar som ligg nær område der det er aktuelt å gjera tiltak i samband med tilrettelegging og formidling. Hordaland fylkeskommune vil gjennomføra dette arbeidet i byrjinga av 2016.

På Austrheimsida av Fosnstraumen er det stor og tett granskog i store delar av området. Denne skogen veks over fleire av lokalitetane, og sperrar utsynet frå lokalitetane og til straumen. Det er i dag vanskeleg å formidla at buplassane har lagt i strandkanten og at straumen var viktig, då ein ikkje kan sjå straumen frå store delar av området. I tillegg er røter og fare for rotvelte eit risikomoment for kulturminna. Den tette skogen sperrar for lys og gjer at det er lite eller ikkje noko botnvegetasjon på fleire av lokalitetane, noko som gjer dei særleg utsett for slitasje. Hogst er difor eit prioritert tiltak her, og ein vil utgreia nærare korleis dette kan gjennomførast på ein skånsam måte.



Stien i området går over fleire av lokalitetane. Nokre stader har dette ført til slitasje i markoverflata. Stien er vanskeleg å flytta ettersom den er raskaste vegen frå hovudvegen og til hyttene i området. Ei eventuell omlegging ville i tillegg måtte ha flytta stien langt vekk frå sjøen, ettersom det ligg lokalitetar spreidd i heile området. I arbeidet med skjøtelsplanen vil Hordaland fylkeskommune finna løysingar for å sikra kulturminna mot meir slitasje og skade. Fylkeskommunen vil drøfta dette nærare med Riksantikvaren i høve til eventuell dispensasjonshandsaming når det ligg føre eit konkret framlegg til løysing på problemet.

Til venstre: Slitasje i markoverflata på lok ID 55439. Slitasjen er framleis ikkje så omfattande at den truar funnførande lag, men utviklinga må stogkast før dette vert eit problem. Foto: HFK

## Arbeid i 2015

**26.3.2015:** Folkemøte med informasjon om planlagt steinaldersenter og skjøtselsplan. HFK var tilstades på møtet for å informera om skjøtselsplanen og korleis denne prosessen ville gjennomførast.

**21.4.2015:** Synfaring av heile området med Austrheim kommune, Radøy kommune, HFK og UiB

**1.7.2015:** Grunneigarmøte Radøy kommune

**18.8.2015:** Grunneigarmøte Austrheim kommune

**23.10.2015:** Møte om hogst i Austrheim kommune. HFK var ikkje tilstades på møtet, men vart kontakt per telefon ved spørsmål.

**2015:** Arbeidet med skjøtselsplanen er gjort løpande i 2015, og vil halde fram i 2016.

**2015:** Det er gjennomført fleire arbeidsmøter gjennom året. I tillegg har kommunane gjennomført interne møter om saka.

## Arbeidet vidare

Ein vil halda fram med arbeidet med skjøtselsplanen, og ta til med arbeidet med revidering av skilt vinteren 2015/16. Ein vil òg arbeida vidare med å få til hogst i det sentrale lokalitetsområdet i Austrheim kommune. Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid med UiB gjera undersøkingar i felt for å avklara rett lokalisering av lokalitetar nær sti og planlagt tilrettelegging. Ein vil arbeida vidare med å finna ei god løysing for å stogga slitasjen stien fører til på lokalitetane.

## Rekneskap og budsjett

Aktør	Timepris
HFK	700,-
Austrheim kommune	500,-
Radøy kommune	376,78

Det er ikkje betalt ut tilskot til prosjektet, men det er nytta mykje midlar i form av eigenandel for dei ulike aktørane:

	Austrheim	Radøy	HFK	SUM eigenandel
Synfaring/møter	21500 (43t)	4144,58 (11t)	27650 (39,5t)	
Admin	3750,- (7,5t)	2825,85 (7,5t)	5250 (7,5t)	
Reiser			1310,25	
Skinn til lavvo		6000,-		
Skjøtselsplan			52.500,- (75t)	
<b>SUM eigenandel</b>	<b>25250</b>	<b>12968,58</b>	<b>86710,25</b>	<b>124.928,83,-</b>

## Konklusjon

Det er ikkje utbetalt noko av tilskotsmidla i 2015. Det er gjennomført mykje arbeid, men dette går på eigeninnsatsen til HFK og kommunane. Me ber om å få vidareføra midla til 2016.



Formidlingslavvo på Ramsvikneset på Radøysida av Fosnstraumen. Foto: HFK



Opptrakka areal i stien mellom to lokalitetar på Austrheimsida av Fosnstraumen. Foto: HFK



BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, tilrettelegging	421.000,-	150.000,-	0,-	150.000,-
Tilskotet vert søkt vidareført til 2016					

Skjøtselsplanen er ferdig og skjøtselsavtalen er signert. Det er gjennomført synfaring i høve til merking, og merkinga er planlagt. Ny lokalisering for skilt er avgjort i samråd med grunneigar, og nytt hovudskilt er i produksjon. Grunna kapasitet ved HFK tok revidering av skiltet noko lenger tid enn planlagt. Dette viste seg likevel å vera positivt, ettersom det i oktober 2015 vart gjennomført arkeologiske undersøkingar på Hæreidsterrassen i samband med eit doktorgradsarbeid. Under dette arbeidet dukka det opp fleire nye funn og det vil truleg koma konkrete dateringar ut av dette arbeidet. Arbeidet med skiltet er no satt på vent for å kunna ta denne nye kunnskapen med på skiltet.

I samråd med Hordaland fylkeskommune er det sidan 2014 gjort endringar i høve til lokalisering av foring i samband med beite på lokaliteten, og det er gjort endringar i høve til lokalisering av hogst. Alle endringar er gjort i samråd med grunneigarane. Eidfjord kommune har sett opp toalettbygg i området, og kulturløypa kan no lettare nyttast som rundtur.

Grunna seint tildelte midlar i 2015 er det gjort berre avgrensa skjøtselsarbeid denne sesongen. Arbeidet med rydding er i tillegg meir eigna som vinterarbeid, og grunneigarane ynskjer gjera dette i vintersesongen. Det er likevel gjort noko arbeid på feltet.

#### Arbeid 2015:


**6.5.2015:** Møte for signering av skjøtselsplan. HFK, Eidfjord kommune og grunneigarane var tilstade.

**27.5.2015:** Synfaring med HFK. Eidfjord kommune og grunneigarane i høve til merking og skilting av kulturløypa, og ny plassering av hovudskilt.

**2015:** Ferdigstilling av skjøtselsplan og skjøtselsavtale

#### Arbeidet vidare:

Når det ligg føre dateringar frå dei nye funna på Hæreidsterrassen vil ein ferdigstilla arbeidet med nytt skilt. Merking og skilting av kulturløypa vil vera på plass innan turistsesongen 2015. Arbeidet med skjøtsel og rydding av lokaliteten vil ta til for alvor vinteren 2015/16. Hordaland fylkeskommune vil følgja opp arbeidet og gjera vurderingar i høve til eventuelle ytterlegare tiltak.



Planlagt merking og skilting i kulturløypa. Merkinga skal sikra at tilrettelegginga er til så lite ulempe for grunneigarar og fastbuande som mogleg. Det er von om at dersom ein merkar tydeleg forbi private vegar/innkjørslar og forbi private hus/tun vil ein unngå samanstimling av folk på plassar som er til ulempe. Ved å flytta infotavla frå noverande plassering vil ein unngå ulempe for landbruket. Merking og ny skiltplassering er avgjort i samråd med grunneigarane og Eidfjord kommune.

Kart og temadata: HFK

Basisdata: [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

## Rekneskap og budsjett

Aktør	Timepris
HFK	700,-
Eidfjord kommune	300,-
Grunneigar	200,-

### Eigeninnsats Hordaland fylkeskommune 2015

Hending	Tidsbruk	Reiseutgift
Møte 6.5.2015	(9t) 6.300,-	1518,30
Synfaring 27.5.2015	(9t) 6.300,-	1518,30
Notat/oppfølging	(7,5t) 5.250,-	
Skiltarbeid	(7,5t) 5.250,-	
SUM	23.100,-	3036,6

### Eigeninnsats Eidfjord kommune 2015

Synfaring	(12t) 3.600,-
Møter	(60t) 18.000,-
Møte med destinasjon Eidfjord om merking/skilting	(5t) 1.500,-
SUM	23.100,-

### Utført skjøtselsarbeid gbnr 25/9

13.6.2015	8 timar	1600,-
21.6.2015	7 timar	1400,-
19.7.2015	6 timar	1200,-
19.7.2015	4 timar	800,-
SUM	25 timar	5000,-

Rapport for utført skjøtselsarbeid ligg vedlagt.

### Konklusjon:

Det er ikkje utbetalt midlar på rapporteringstidspunktet, ettersom mykje av skjøtselsarbeidet er planlagt vinteren 2015/16 og det akkurat ligg føre dokumentasjon på utført arbeid. Me ber om at midla vert overført til 2016.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt,plan	65.000,-	10.000,-	0,-	10.000,-
Tilskotet vert søkt vidareført til 2016					

Det er gjennomført restaurering av ei gravrøys i området, og det er gjennomført fyrste gongs skjøtsel av Høybøen øydegard. Det er ynskje om å svi av lyng i området kring garden for å skjøtta kystlyngheilandskapet, og for å betra beitet her slik at området vert lettare å skjøtta gjennom beite.

Nokre av lokalitetane i området er ikkje godt kartfesta, og det er varierende kor vidt utgravne lokalitetar er lagt inn i Askeladden som freda eller ikkje. Dette vil ein rydda opp i løpet av arbeidet med skjøtelsplanen. Hordaland fylkeskommune vil gjera feltarbeid for å kontrollera og kartfesta lokaliseringa til kulturminne i eller ved stien ut til området.



Tuftene på Høybøen før og etter fyrste gongs skjøtsel. I tillegg til å vera mykje overgrodd av einer og busker, var stor og grov lyng noko av det som skjulte mykje av steinane og konturane til murane. Statens Naturoppsyn stilte med ryddesag og fekk fjerna mykje av denne grove lyngen. Det er von om at det no kjem til ny lyng som er meir eigna til beite. Det er då viktig å oppretthalda eit beitepress som er tilstrekkeleg til å halda lyngen nede., men samstundes å unngå slitasje frå beitedyra.



Arbeid i 2015

Alle foto: HFK



Mars 2015: HFK og UiB gjer restaurering av gravrøys i området. Dette er direkte knytt til skjøtselen av området elles, ettersom her er mange tørrmura kulturminne her og ein ynskjer presantera desse på ein positiv måte.

**23-24.9.2015:** Skjøtsel av Høybøen. Statens Naturoppsyn, Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune og grunneigar rydda tuftene på Høybøen for vegetasjon.

**2015:** Det vert løpande arbeid med skjøtselsplan for kulturminna i området.

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Nytt-fra-kulturminnevern-og-museum/Skjotsel-av-tuftene-pa-Hoyboen-oydegard/>

### **Arbeidet vidare:**

Vinteren 2015/16 vil Hordaland fylkeskommune gjera feltregistreringar for å avklara rett kartfesting til lokalitetane nærast stien. Arbeidet med skilting av kulturminna vil ta til så snøgt det er gjennomført lyngbrenning i området. Skjøtselsplanen vil verte ferdigstilt når ein har kontroll på lokaliseringa til kulturminna i området.

### **Rekneskap og budsjett**

Det er ikkje betalt ut tilskotsmidlar frå prosjektet.

Grunna sjukdom er det ikkje rapportert inn bruk av eigeninnsats i prosjektet. Denne dokumentasjonen vert ettersendt så snøgt som råd.

### **Konklusjon**


Prosjektet er godt i gong, og grunneigarane er positive til arbeidet. Prosjektet vil halda fram i 2016. Me ber om at midla vert vidareført til 2016.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Tilrettelegging	361.500,-	180.000,-	0,-	180.000,-
Tilskotet vert søkt vidareført til 2016					

Søknaden om Hystadmarkjo omhandla nye skilt og skiltstativ. I tildelingsbrevet frå Riksantikvaren kom det fram at det var eit ynskje om at det skulle utarbeidast ein skjøtselsplan for området. I lys av dette er det gjort endringar i prosjektet.

Det er ei rekkje kulturminne i Hystadmarka ut over dei som er nemnt på skilt i kulturstien. Ein skjøtselsplan for Hystadmarka bør inkludera alle kulturminna som naturleg fell inn under området. Nokre av desse kulturminna ligg inne i verneområdet i Hystadmarka. Excel-skjema er oppdatert med dei andre aktuelle kulturminna i området.

Skjøtsel av kulturminna må planleggjast på ein måte som ikkje skiplar dei øvrige verneinteressene i området. Det er gjennomført synfaring av kulturminna inne i verneområdet saman med Stord kommune og Statens Naturoppsyn for å kontrollera tilstand og drøfta korleis desse skal handsamast i ein skjøtselsplan og i høve til skjøtsel av verneområdet. Det er òg gjennomført synfaring av sti og skilt.



#### Arbeid 2015:

**27.4.2015:** Kommunalt møte. HFK ikkje tilstades.

**4.6.2015:** Møte med HFK og Stord kommune

**17.9.2015:** Møte med HFK, Friluftsrådet Vest og Stord kommune. Synfaring av skilt i etterkant av møtet.

**8.10.2015:** Synfaring av kulturminne i verneområdet med HFK, SNO og Stord kommune.

**20.10.2015:** Kommunalt møte. HFK ikkje tilstades.

## Arbeidet vidare

Vinteren 2015/16 vil Hordaland fylkeskommune synfara alle kulturminna i området for å få kontroll på tilstand utan at kulturminna er tilgrodd med undervegetasjon. Det er planlagt møte med Stord kommune 1. desember 2015 for å drøfta skilting og tilrettelegginga. Arbeidet med skjøtselsplanen vil halda fram i 2016 i samråd med Stord kommune og vernemynda. Slik landskapet ser ut i dag er det vanskeleg å tenkje seg kvifor kulturminna ligg der dei ligg i landskapet. Ved oppgradering av skilta vil ein difor freista å i større grad fokusera på å synleggjera og illustrera denne samanhengen. Konkret arbeid med skilta vil ta til vinteren 2015/2016, parallelt med arbeidet med skjøtselsplanen.

## Rekneskap og budsjett

Aktør	Timepris
HFK	700,-
Stord kommune	440,-

Benytta eigenandel så langt i prosjektet:

	Stord kommune	HFK	SUM
Reise	(135t)	1959,5,-	
Synfaring	59.400,-	(11t) 7700,-	
Møter		(16,5t) 11550,-	
Admin	(40t) 17.600,-		
SUM	77.000,-	21.209,5,-	98.209,5,-

## Konklusjon

Prosjektet er starta opp, og vil verte ferdigstilt i 2016. Me ber om å få vidareført midla til 2016.

**Olahaugen, Stødleterrassen****ID 90167**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Restaurering	80.000,-	40.000,-	40.000,-	0,-

**Prosjektet er ferdig. Sluttrapport og rekneskap ligg vedlagt.**

Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet utbetalt. Etersom sluttrapport er vedlagt vert prosjektet ikkje skildra nærare her.

**Tilrettelegging Ruskeneshellaren, Bergen****ID 25782**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-

**Tilskotet vert søkt vidareført til 2016**

Det har ikkje vore framgong i reguleringsplanen for området, og prosjektet er difor ikkje gått vidare med. Ein har likevel framleis von om at prosjektet kan gjennomførast på ein god måte.

**Tilrettelegging Kongshaugen på Hop****ID 91779**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-

**Tilskotet vert søkt vidareført til 2016**

Prosjektet er ikkje gjennomført, men dialogen med Askøy kommune er etablert og prosjektet er ynskt gjennomført av kommunen.

**Tilrettelegging Kolltveit****ID 127360 m.fl**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-

**Tilskotet vert søkt vidareført til 2016**

Grunna planprosess for Rv 555 Sotrasambandet har dette prosjektet vorte avventa. Det var usikkert om planen ville koma i konflikt med lokalitetane, og ein har avventa ei avklaring av dette før ein søker ferdigstilla prosjektet. Denne reguleringsplanen er no på offentleg ettersyn, og tilhøva i området vil vera avklart innan 2016.

Solveig Lohne Rongved